

2025.09.02.

Referat frå medlemsmøte Equinor Seniorklubb Mongstad tirsdag 2. september.

Arvid ynskte alle velkomen med vel overstått sommar og sommarferie sjølv om me håpar på fleire fine dagar utover hausten. Det er kan henda fleire her som har planlagt ferieyurar utover hausten, f.eks. Åsgårdstrand.

Litt info om denne dagen, det er den 245 dagen, så det 120 dagat att av året.

Navnedag er Lisa eller Lise, som er forkorting av Elisabeth, som betyr «hun som ærer gud».

I følge medlemsregisteret vårt er det ingen som har bursdag akkurat denne dagen, men me har medlemmar som nyleg har fylt både 70, 80 og 90.

Arvid presenterte så planen for medlemsmøtet:

- * Magne Wiik er på besøk og vil syngja og fortelja for oss.
- * Litt informasjon fra styret
- * God mat
- * Turgruppa sine planer
- * Litt tid for diverse

På Fonnesdajen som nyleg har vore låg det ein fin gammal båt til kai, nemmeleg Oster.

Og kan henda det var fleire her som var med på turen til Fedje også.

Plan var så å syngja Dar kjem dampen med Ivar Medaas som forsongar, men teknikken svikta så denne vart det ikkje noko av.

Dermed overtok Magne Wiik og held ein fin konsert for oss.

Wiik fekk blomsterbukett hjå Arvid som takk for framsyninga.

Før matøkta kom Arvid med litt info fråstyret:

Medlemstallet i Seniorklubben er no 261, og det er meldt inn 10 nye medlemmer i år.

På siste styremøte diskuterte me blandt anna Mongstad sitt innlegg/bidrag til Seniorsamlinga i Trondheim den 15-17. Totalt ca 20 pers er påmeldt til samlinga.

Til seniorsamlinga reiser Arvid og Ottar, der tema fra Mongstad til denne vil mellom anna vera at klubbane bør stå fritt til å disponera tildelte midlar fra Equinor uten vidare føringer.

Etter maten vat det info frå turgruppa v/Jan Arild Lindaas.

Der vart det opplyst om at på turen til Åsgårdsstrand er betlingsfrist satt til 8. september.

Bussavgang 14. sept. frå Mastrevik kl. 08.00.

9. oktober vert det tur til Sound Of Music i Grieghallen.

Turgruppa diskuterer fleire turar, også i nærområdet og er åpen for fleire forslag, både med og utan overnatting.

Blåtur vart diskutert, der bør då vera tilgjengeleg info/anbefaling om slik tur til dei som slit litt med helsa.

Dagstur til Matre – Brekke – museum på Oppedal vart også nevnt.

Aktivitetsplan for hausten med datoar for medlemsmøte og underhaldning:

- 07. okt. Postkontoret, som er eit sangkor frå Bergen
- 04. nov. Kirsten Strømstad, kåseri om Amalie Skram
- 02. des. Medlemsmøte med Juletallerken.
Underhaldning av Hjelmåskarane med Reidar Konglevoll i spissen
Då vert både medlemsmøtet, underholdningen og matøkta inne i restauranten.

Litt diverse:

Valnemda til Seniorklubben skal bestå av 3 personer.

Pr i dag består den av Norvald Syslak og Jan Ulvøy.

Sjølv om desse to karane er flinke og gjer jobben sin så mangler me dessverre 1 person for å etterkoma vedtektene våre.

Der var ingen på møtet som melde seg, men før referatet vart ferdig har Arvid Halvorsen sagt ja til å verta med i valnemnda.

Dagens vits:

Den utsvevende gamle ungkaren hadde blitt «gammelonkel» og ville forhøre seg hvem ungen lignet på.

– Ungen ligner på deg!

– Hæh? Hvordan det

– Jo, serru. Hårløs, rødmusset, høyrøstet – og glad i flaska!

Før møteslutt kom det fram at det vert truleg slutt med bowlingkveldar i Lervåg bedehus, dette grunna for liten oppslutning om arrangementet.

- Bowling vart starta i 2016 i kjellaren til Lervåg Bedehus.- Aktivitet kvar 3. tirdag i månaden kl. 17.00. Pris: kr. 125. pr. person.- Det vert spelt 2 rundar kvar gong, med innlagt kaffipause.- Der er 2 bowlingbaner, og der bør minst vera 8 stk på kvart oppmøte.

Meld frå til Gyda Sandvin Olsson, 922 23 169 dersom der er interesse for å vera med.

Neste medlemsmøte vert tirsdag 7. oktober kl. 18.00.

Arvid takka alle for frammøte og ynskte alle vel heim.

Mvh

Ottar Rosnes